

Dei kastanjebrune vann knepent i rekordquiz

28.03.2013

Laget som kalla seg Dei kastanjebrune vann ein knepen siger i påskequizen med rekorddeltaking i Systrene Nilsen i kveld. 20 lag og i overkant av 100 stilte opp for å trimme hjernevinningane og det fekk dei verkeleg gjort.

Spørsmåla som var laga av quizmaster

Bjørn Sturle Hillestad sjølv med bistand til sportnøttene av Kjetil Fykse frå Fitjar låg totalt sett på ein høg vanskegrad.

Spørsmålsmakarane skal også rosast for temavalet sjølv om nokre av dei tilreisande naturleg nok tykte at den lokale dose var for stor. Ikkje minst vellukka og egna til å skilla klinten frå kveiten var sluttbolken med krim - påskekrim om ein vil.

Og dei lokale spørsmåla var ikkje drepende. For du veit vel til dømes kva den nye Thavogna og vår avtroppande sokneprest heiter?

Faktisk var to rutinerte quizmastarar med i dysten - Morten Nilsen og Ørjan Bakke. Ørjan var å finna på det sigrande laget og laurdag skal han nok ein gong leia quizen på Dønhaug. Han seier til uskedalen.no at den skal bli betre enn den i kveld, men det skal godt gjerast. Bjørn Sturle Hillestad gjorde ein prikkfri jobb sjølv om akustikken framleis er generande i lokalet.

Her er resultatlista:

1. **Dei kastanjebrune 46**
2. **Sundvikvegen 44**
3. **Men kor ska vi reis hen? 43,5**
4. **Nesjarane 37**
5. **Askeladden med hjelpere 36**
6. **Edelweiss 34**
6. **The Reds 34**
8. **Skorpo Kviss og Kors 31**
9. **Bare Egil 30,5**
10. **Tarquiet 29,5**
10. **Pondus 29,5**
12. **Har ikkje peiling 29**
12. **Husnesbanden 29**
14. **Brainstorm 27**
15. **Kabelsatn 26,5**
16. **Femlingane 25**
17. **Skansenlaget 23**
18. **Fregnelaget 21.5**
19. **Baccalao 21**
20. **Blank eller pass 20,5**